



Til statsminister Jens Stoltenberg
Kunnskapsminister Kristin Halvorsen
Kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete

Kopi:
Olje- og energiminister Terje Riis Johansen
Miljøvernminister Erik Solheim
Statnett
NVE

Oslo, 10. august 2010

Pilotprosjekt for energieffektivisering kan redde Hardanger

Norges Naturvernforbund har i lang tid arbeidd mot kraftlinja mellom Sima og Samnanger i Hordaland. Vi vil i dette brevet ikkje gå inn på de unike naturverdiane som er i området og som kan bli øydelagt av kraftlinja. Men, vi vil peike på eit alternativ som så langt ikkje er utgreia eller diskutert.

Vi ber regjeringa greia ut om ein kan sikre energiforsyninga i regionen ved å bruke pengane som skal gå til å byggja ei kraftline mellom Sima og Samnanger som stønad til energieffektivisering i regionen i staden. Statnett må vente med bygginga til ei slik utgreiing er klar. Ei slik løysing vil spare Hardangernaturen.

Energieffektivisering

Fleire utgreiingar (m.a. Lavenergiutvalget og Enova-rapportar) viser at også Noreg kan nå eit slikt mål. Vi vil i dette brevet bruke eksempel til å vise at energieffektivisering i visse høve kan vera eit samfunnsmessig, økonomisk og framtidsretta godt alternativ til investering i nye kraftliner. IEA konkluderer med at ei effektivisering av produksjon og forbruk av energi vil syte for om lag 50% av dei naudsynte klimagass reduksjonane.

Statnett reknar med å investere rundt 40 milliardar i sentralnettet i åra framover. Ein del av desse investeringane vil representera store naturinngrep, som det er nasjonalt naudsynt å seia nei til om vi skal nå målsettinga om å stanse tapet av biologisk mangfold

Når vi har problem med energiforsyninga i ein region, bør vi også vurdere om det finst andre alternativ enn å bygge nye kraftleidningar. Nokre gongar kan det vera betre å gje stønad til å effektivisere produksjon og bruk av energi i regionen enn å bruke den same summen til å finansiere nye kraftleidningar. Vi får same resultat i begge tilfelle, ei betre kraftbalanse i regionen, men kan unngå ein miljøskadeleg kraftline.

Alternativ til "Hardangerlinna", Sima – Samnanger?

Den planlagde kraftlinja Sima – Samnanger vil kosta om lag 1 milliard som luftline, alt inklusiv.

1 milliard brukt til energieffektivisering/ noko energiomlegging i den aktuelle regionen bør kunne gje 2 – 3 TWh redusert behov for energitilførsel til regionen. Vi har da teke

utgangspunkt i Enovas tilskotsnivå pr spart kWh til investeringar i energieffektivisering, som vanlegvis ligg i området 0,2 – 0,5 kr/kWh.

Statnett argumenterer både med energimangel (TWh) og med effektmangel (MW) når dei forsvarer lina i Hardanger. Dersom ein oppnår redusert energiforbruk på 2 – 3 TWh og samtidig prioriterer stønad til tiltak som reduserer bruken av straum til oppvarming, får vi størst effekt i kalde periodar, og bør kunne redusere effektbehovet med 900 – 1000 MW i sprengkulda.

I følgje fellesrapport BKK/Statnett¹ er det behov for 800-900 MW ekstra overføringskapasitet for å unngå forsyningsproblem ved utfall av ei line i ein kuldeperiode (N-1-kapasitet). Med 2 - 3 TWh redusert energibruk og 900 – 1000 MW redusert toppbelastning i BKK-området, og bør dermed kunn klare seg utan Hardangerlina.

For å få til dette, må ein endre mandatet til Statnett, slik at dei får løyve til å vurdere stønad til energieffektivisering/ energiomlegging som alternativ til å investere i nye kraftlinjer i område med vanskeleg energiforsyning.

Nødvendig stønadsnivå

Enova gir i dag tilskot til energieffektivisering og ny fornybar energi, og ut i frå Enovas resultatrapport 2009 kan vi setja saman følgjande tal, som i stor grad handlar om energieffektivisering/ energiomlegging:

| Aktivitet | Tidsrom | GWh resultat | MNOK stønad | Kr/kWh i stønad |
|-----------------|-----------|--------------|-------------|-----------------|
| Industri | 2001-2009 | 4057 | 1158 | 0,29 |
| Bygg | 2001-2009 | 2483 | 1166 | 0,47 |
| Sum | | 6540 | 2324 | 0,36 |

Kva stønadsnivå som er nødvendig for å oppnå tilstrekkeleg energieffektivisering i BKK-området, må ein sjå nærmere på, men talla frå Enova gir ein god peikepinn på kva som er nødvendig og kva ein kan oppnå.

Med ei nærmere utgreiing får vi også svar på om 1 milliard er tilstrekkeleg, eller om det er nødvendig å gå inn med noko meir til energieffektivisering eller andre tiltak for å oppnå tilstrekkeleg betring i energisituasjonen i kalde periodar.

Ny rolle for Statnett

Som Systemansvarleg har Statnett ansvaret for systemsikkerheita i det norske kraftsystemet, og dei har også ansvaret for å "utvikle og ta i bruk andre virkemidler for å ivareta systemansvaret på en samfunnsmessig rasjonell måte."²

I dag bruker Statnett mellom anna desse verkemidla i rolla si som Systemansvarleg:

- Utbygging av sentralnettet
- Utbygging av reservekraft (mobile gasskraftverk)
- Oppdeling i marknadsområde
- Oppkjøp av energiopsjonar i område med vanskeleg energisituasjon

Her er det naturleg å føye til eit nytt punkt

- *Tilskot til energieffektivisering i område med vanskeleg energisituasjon*

¹ Vurdering av strømforsyningen til BKK-området. Fellesutredning BKK og Statnett. Vedlegg C2.

² St. prp. Nr 1 (2001-2002)

Dette er i tråd med strategien til NVE:

"Vi skal iverksette tiltak for å fremme god energieffektivitet."³

Vi vil hevde at det er godt innafor NVEs strategi dersom Statnett bruker tiltak for energieffektivisering som eit element i arbeidet med å utøve eit systemansvar.

Vi ser det ikkje slik at dette kjem i konflikt med rolla til Enova. Statnetts målsetting vil vera å oppnå regionale / lokale endringar i energibruken for å sikre energiforsyninga, mens Enova har ei vesentleg breiare målsetting. Det kan likevel vera eit behov for samordning mellom Statnetts behov og Enovas arbeid.

Truverdig strategi for Statnett

Oppsummert kan ein slå fast at potensialet for energieffektivisering er så stort at det i mange høve vil vera ein truverdig strategi for Statnett å bruke tilskot til energieffektivisering i område med vanskeleg energiforsyning som alternativ til utbygging av nye kraftlinjer eller ny reservekraft.

Erfaringstal frå Enova viser at tilskot til energieffektivisering kan frigjera / utløyse så store energimengder at ein innafor planlagd investeringsnivå kan få ei markant og tilstrekkeleg betring av energibalansen i område med vanskeleg energiforsyning

Eit linenett for framtida

Statnett bør gjennomføre ei vurdering av framtidas linenett ut i frå eit scenario med ei effektivisering som endar opp med over 50% effektivisering i produksjon og forbruk for alle regionar i landet, slik IEA går inn for. I dette scenarioet må ein også ta med utfasing av fossilt brensel, elektrifisering av sokkelen og alternativ bruk av overskotsenergi.

For ein del regionar / område er det sannsynleg at tilskot til energieffektivisering vil vera rett strategi for å unngå feilinvesteringar i kraftlinjer som vi ikkje har behov for i eit framtidig linenett, og som vil representere store og unødvendige naturinngrep.

Tilskot til energieffektivisering som ein del av Sentralnetttariffen.

Vi viser også til Statnetts arbeid med ny prisstrategi 2013 – 2017⁴ og ber om at dette brevet også blir tatt med i behandlinga av den nye prisstrategien. Vi foreslår at det blir lagt inn ein årleg kostnad til bidrag for energieffektivisering i område med vanskeleg energisituasjon, dekkja gjennom Sentralnetttariffen. Det årlege bidraget bør liggja i området 1 milliard.

Beste helsing



Lars Haltbrekken
Leiar i Norges Naturvernforbund

Vedlegg: Andre eksempel på alternativ bruk av Statnetts investeringsmiddel.

³ NVEs fokusområder: <http://www.nve.no/no/Om-NVE/Strategi-for-NVE-2010-2014/NVEs-fokusområder/>

⁴ Prisstrategi 2013-2017. <http://www.statnett.no/no/Kraftsystemet/Tariffer-og-avtaler/Priser/Prisstrategi-2013-2017/>

Eksempel frå Midt Noreg på alternativ bruk av investeringsmiddel

Mobile gasskraftverk i Midt Noreg

Innkjøp og installasjon av mobile gasskraftverk i Midt Noreg har, etter det vi kjenner til, kosta rundt 2,3 milliardar. Installert effekt er 300 MW og maksimal årleg driftstid er sett til ca 4000 timer, noko som maksimalt vil kunne gje eit bidrag på 1,2 TWh.

Kva kunne ein oppnådd dersom ein hadde brukt 2,3 milliardar som målretta bidrag til energieffektivisering i Midt Noreg?

Dersom vi antar eit nødvendig stønadsnivå på 0,5 kr/kWh, ville 2,3 milliardar kunne utløyse investeringar i Midt Noreg som kunne gje årleg redusert energibehov i regionen tilsvarende 4,6 TWh, noko som bør vera tilstrekkeleg til å løye problema med energiforsyninga i Midt Noreg.

Kraftlinja Ørskog - Fardal

Den planlagde kraftlinja Ørskog – Fardal er kalkulert til ca 2 milliardar. 2 milliardar brukt til energieffektivisering i Midt Noreg kunne ha gjeve 4 TWh redusert energibehov i regionen dersom ein også her bruker 0,5 kr/kWh. Samtidig blir viktige naturområde mellom Ørskog og Fardal spart for nedbygging.

Dersom ein slår saman tiltak 1 og 2, må sannsynlegvis auke stønadsnivået ein del, fordi dei siste tiltaka blir meir kostbare, men det bør vera mogleg å oppnå minst 6-7 TWh varig redusert behov for energitilførsel i regionen, eller 25% av dagens forbruk.